

# Årsmelding for året 2013



## Styret

Styret i rideklubben har bestått av:

Leiar: Edle Holmin

Nestleiar: Liv Jorunn Nyhagen

Kasserar: Gro Anita Bjørkedal

Sekretær: Kjersti Stålem / Ida Kristine Standal

Styremedlem: Rakel Aasen

Styremedlem: Beate Øren

1. vara: Linn Wangen Mørk

2. vara: Karin Vatnehol

Styret har i alt hatt 8 styremøter i 2013.

Vi har ikkje hatt ei aktivitetsgruppe dette året, så styret har teke seg av desse sakene også.

Vi har hatt totalt 44 medlemmer i løpet av året, og 18 av dei har betalt baneleige.

## Show og marknad



Søndag 2. juni arrangerte vi sommarshow og marknad på ridebana. Det var første gong vi arrangerte marknad der vi hadde forskjellige postar som barna kunne vere med på. Det var veldig vellykka. Barna fekk strigle hestar, ri junior-gymkhana, sitte på ei runde rundt ridebana og kaste hestesko.

Under showet hadde vi innslag med blant anna sprangkvadrilje, dressurriding, miniski med hest og presisjonskøyring. Vi hadde også ein konkurranse der folk kunne tippe vekta på Anastasia. Trass elendig ver var der mange familiar som møtte opp.



Søndag 8. september arrangerte vi ein ny marknad med strigling, barneriding og junior-gymkhana. Då var veret betre, og vi fekk ein kjekk søndag i lag.

## Dugnader



I år har vi fått på plass eit toalett ved ridebana med eit bio-do. Dette var etterlengta og er veldig kjekt under arrangement. Hjelle Maskinlag har fått retta opp lyktestolpane våre som var så skeive og støypt eit fundament så dei står trygt.

## Kurs og anna

Det har vore faste treningar for Silvia Førde gjennom året med mange deltakarar. Vi har også hatt fast trening for Matilde Brogge.



Vi har arrangert to ridekurs som gjekk over 3 tirsdagar og torsdagar på sommaren. På eine kurset valte vi å ta med barna på ein ridetur med innlagt hinderløype innover mot Rotevassdalen. Vi arrangerte også eitt ridekurs for barn og unge over ei helg på vinteren. Desse kursa har vore veldig vellykka, spesielt å fordele det over 3 dagar

både for barna og hestane. Vi hadde 18 juniormedlemmar i fjor og mange av dei var med på fleire juniorkurs.

I haust arrangerte vi eit ridekurs over ein dag med to økter for vaksne. Trass storm og regn fekk vi gjennomført dagen med 3 tapre deltakarar og hestar.



I vinter hadde vi besøk av barna frå Asylmottaket i Volda på ein stalldag på stall Rotevatn. Det var ein del av støtteordninga Krafttaket til Tussa der vi som gjenyting for å få støtte arrangerte ein stalldag. Barna frå mottaket var veldig glade og syntest det var kjekt å både få stelle og ri hestane.

Tre hestar deltok også på barneriding og køyring på Reset arrangert av Volda friluftsförening. Der var like før jul og det ga barna god julestemning med nisse til stades som vart kjørt med hest og vogn.

## Stemner og resultat

Vi har arrangert totalt 6 stemner i 2013, av dei 4 dressur-, 1 sprang og 1 køyrestemne. Køyrestemnet var eit DMP stemne med dressur, maraton og presisjonskøyning. I april hadde vi eit distriktsstemne. Resten av stemna har vore utvida klubbstemner og klubbstemne.





Liv Jorunn Nyhagen med Pokemann fekk sølv i KM dressur i oktober. Under fjordhestNM på Nordfjordeid kom Liv Jorunn Nyhagen med Pokemann på andreplass i LA:3 og sølv i greinmeisterskapen i dressur. Ho fekk også årets steward-pris sidan ho satte hesten i første rekke i maraton og valte å trekke seg då ting ikkje fungerte.



På NM deltok også Ida Standal med Heidrid i dressur og presisjon. Ho fekk blant anna ein 7. plass i 70 cm sprang. Randi Mork med Botnar debuterte på NM og deltok i dressur LC:1 og fekk 53,261 %. Magne Holmin debuterte som groom for søskenbarnet sitt Erik Holmin under kjøringa på NM som den eldste ekvipasjen.

## 17. mai



I år fekk Linka og Edle prøve å gå fremst i toget i lag med Pokemann og Liv Jorunn. Dette tok ho med knusande ro. Det hadde vore kjekt om fleire hestar vil stille i toget i 2014 og fleire medlemmar vil gå lengre bake ved fana vår.

## Nettsida

I løpet av 2013 hadde vi rundt 5 500 besøkande på sida vår. På facebook sida vår har vi 229 medlemmar.

*Skrive av leiar Edle Holmin*